

Eigarskapsmelding

Øystre Slidre kommune



Vedteke av kommunestyret 15. juni 2023, sak 36/23.

Innhold

1. Innleiing	2
2. Organisasjonsformer	3
2.1 Kommunalt føretak (KF)	3
2.2 Aksjeselskap (AS)	3
2.3 Interkommunale selskap (IKS)	3
2.4 Stiftingar	4
3. Eigarstyring	4
3.1 Føremål med kommunen sin eigarskap	4
3.2 Val til generalforsamling/representantskap og val av styre	4
3.3 Prinsipp for eigarstyring	5
4. Oversikt over kommunalt eigarskap i Øystre Slidre	6
4.1 Aksjeselskap og andre eigarformer med begrensa ansvar	6
4.1.1 Valdres Energi AS	6
4.1.2 Innlandet Energi Holding AS	7
4.1.3 Kommunekraft AS	7
4.1.4 Beitostølen Fellesgoder AS	8
4.1.5 Øystre Slidre Idrettsarrangement AS	8
4.1.6 Valdres Folkemuseum AS	9
4.1.7 Valdres Skiferbrud AS	9
4.1.8 Valdreslab AS	9
4.1.9 Valdres Næringshage AS	10
4.1.10 AS Valdresbanen	10
4.1.11 KLP (Kommunal landspensjonskasse gjensidig forsikringsselskap)	12
4.1.12 Vindin Vassverk SA	12
4.1.13 Beitostølen Utvikling SA	13
4.1.14 Norges Nasjonalparkkommuner	13
4.1.15 Valdres opplæringskontor SA	13
4.1.16 Norsk Vann BA	14
4.1.17 Biblioiteksentralen SA	14
4.1.18 Døradalen Sameie	15
4.2 Interkommunale selskap (IKS)	16

1. Innleiing

Kommunen kan organisera tenestene på ulike måtar, og ha eigarinteresser i ulike selskap og organisasjonsformer. Dei ulike eigarinteressene kommunen har kjem fram av denne eigarskapsmeldinga.

Kommunelova § 26-1, gjeldande frå 1.1.2020, stiller krav om at kommunen ein gong i valperioden skal utarbeida ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Her skal m.a. prinsippa til kommunen for eigarstyring komma fram, oversikt over eigarinteresser og formålet med desse eigarinteressene.

Når eigarinteressene er lagt til eigne rettssubjekt, vil vidare styring av verksemda avgjerast av kven som sit i eigarorgana for verksemda. Kommunestyret vil ha innverknad ved å behandla eigardokument til selskapet eller å vera representert i eigarorganet.

Eigarskapsmeldinga gir oversikt over kva verksemdar kommunen er medeigar i, formålet med eigarskapen og kan gi grunnlag for ønskte styringssignal. Det bør skiljast mellom krav til utøving av eigarskap og dei målsetjingane og formål eigarane har (eigarstrategi).

KS har utarbeidd følgjande 19 tilrådingar for aktiv eigarskap, og i denne eigarskapsmeldinga blir spesielt omtalte pkt. 2, 4, 5 og 7. Resten av punkta skal følgjast opp i dei ulike verksemdene:

1. Obligatorisk opplæring og informasjon til folkevalde
2. Utarbeiding av eigarskapsmelding
3. Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter
4. Val av selskapsform
5. Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd
6. Tilsyn og kontroll med kommunale føretak og med forvaltning av interessene frå kommunen i selskap
7. Samansetning og funksjon til eigarorgan
8. Gjennomføring av eigarmøte
9. Kravet eigaren har til profesjonelt styre
10. Valkomité for val av styret i selskap (AS og IKS)
11. Rutinar for vurdering av styret sin kompetanse
12. Styresamansetting i konsernmodell
13. Val av vararepresentantar
14. Habilitetsvurdering og politisk representasjon i styret
15. Kjønnrepresentasjon i styret
16. Godtgjering og registrering av styreverv
17. Medlemskap i arbeidsgivarorganisasjon
18. Utarbeiding av etiske retningslinjer
19. Rolla til kommunedirektøren

2. Organisasjonsformer

2.1 Kommunalt føretak (KF)

Kommunalt føretak blir etablert med heimel i kommunelova kap. 9, og er ikkje ei eiga juridisk eining, men del av kommunen som rettssubjekt. Det er berre ein kommune som eig eit kommunalt føretak, det er ikkje ei samarbeidsform mellom fleire eigarar. Kommunestyret er øvste styresmakt, vel styret og godkjenner vedtektene. Leiaren har ikkje rapporteringsplikt til kommunedirektøren, men har rett til å uttala seg før saker blir behandla i styret eller kommunestyret.

Kommunen er part i alle avtalar og ansvarleg for føretaket sine forpliktingar.

Organisasjonsforma blir vald når ein ønskjer å skilja ut ei teneste frå den ordinære verksemda til kommunen. Kommunen har ikkje oppretta kommunalt føretak.

2.2 Aksjeselskap (AS)

Aksjeselskap er eiga juridisk eining. Eigarens (kommunens) ansvar for forpliktingane til selskapet er avgrensa til eigaren sin del av aksjekapitalen, dvs. betalt vederlag for aksjane. Selskapsforma blir brukt mykje i privat sektor for å redusera risiko, slik at aksjonæren berre risikerer å tapa betalt aksjekapital og ikkje dreg med seg morselskapet eller privat økonomi inn i ein eventuell konkurs. Viss risiko for tap skal vera eit vesentleg moment for at kommunen organiserer verksemda i eit aksjeselskap, bør kommunen vera villig til å la selskapet gå konkurs med etterfølgjande tap for dei som har krav på selskapet. Dette er ofte ikkje tilfelle ved kommunal eigarskap.

Det øvste eigarorganet til selskapet er generalforsamlinga. Generalforsamlinga vel styret. Styret har ansvar for forvaltning av selskapet og drift av selskapet.

Eigarane har stemmerett i generalforsamlinga i høve talet på aksjar, og avstemminga er normalt fleirtalsavgjerder regulerte av aksjelova. Styret jobbar for selskapets beste, og her er det også fleirtalet som bestemmer.

Ved kommunalt eigarskap vil dei kommunar som representerer eit fleirtal kunne overstyra ein større eigar viss denne eig under 50% av aksjane.

Styring av selskapet skjer via kommunen sin representant i generalforsamlinga.

2.3 Interkommunale selskap (IKS)

Eit interkommunalt selskap er eit «kommunalt aksjeselskap» med heimel i kommunelova. Det er eiga juridisk eining. Deltakarane kan berre vera kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap.

Det er ikkje innbetaling av kapital/innskott som avgrensar ansvaret til eigarane, slik som i aksjeselskap, men deltakarane (kommunar) har ansvar for forpliktingane til selskapet i høve eigardel i selskapet, noko som går fram av vedtektene. Det øvste eigarorganet til selskapet er representantskapet. Styret har ansvaret for dagleg drift av selskapet.

Styring av selskapet skjer via kommunen sin representant i representantskapet.

2.4 Stiftingar

Kommunen kan oppretta stiftingar åleine eller saman med andre. Ei stifting kan ikkje eigast av nokon, men styrer seg sjølv av eit valt styre og er eit sjølvstendig rettssubjekt.

Etablering (og oppløysing) av stiftingar skal skje etter Lov om stiftingar av 15.06.2001 nr. 59. Midlar i ei stifting kan ikkje overførast til andre formål enn formålet med stiftinga, og kommunar bør vera forsiktige med å overføra verdier til ei stifting.

3. Eigarstyring

3.1 Føremål med kommunen sin eigarskap

Ein eller fleire av kategoriane nedanfor blir lagde til grunn for utforming av mål og motiv for eigarskapen:

- Næringsutvikling, til dømes behalda og vidareutvikla arbeidsplassar
- Finansielt motivert, dvs. sikre at investert kapital oppnår høgast mogleg avkastning over tid
- Effektivisering av tenesteproduksjon, til dømes renovasjon, brannvern o.l.

3.2 Val til generalforsamling/representantskap og val av styre

Ifølgje KS tilråding for aktivt eigarskap (pkt. 7) er det tilrådd at sentrale folkevalde (ordførar) blir utnemnt til å representera kommunen i øvste eigarorgan. Dette vil bidra til å forenkla samhandling og kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarorganet. Medlemmer av representantskapet i IKS er valt av kommunestyret jf. kommunelova, og andre kan ikkje møta etter fullmakt (i motsetning til i AS). Det bør derfor veljast varamedlem for medlemmer i representantskapet.

Det er opp til kvart enkelt eigarorgan (generalforsamling/representantskap) å stilla krav til kompetansen og samansetninga til styret. Eit godt utgangspunkt kan vera det aktuelle selskapet sin formålsparagraf og langsiktige strategiar. Det er viktig å utnemna styremedlem som utfyller kvarandre i høve kompetanse og erfaring. Dersom folkevalde eller tilsette i kommunen er aktuelle som styremedlem i selskap kommunen har eigarinteresse i, bør det vurderast kor ofte vedkommande vil bli inhabil (til dømes ordførar eller kommunedirektør). Bruk av leiande politikarar i styret kan medføra inhabilitet ved behandling av saker om selskapet i kommunestyret/formannskapet.

Kommunestyret hadde i 2019 ei prinsipiell sak om godtgjersle for styreverv, ref. KS tilråding punkt 16. Etter det har godtgjersla blitt justert etter ordinær kostnadsutvikling.

Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap bør registrera verva sine i styrevervregisteret (www.styrevervregisteret.no).

3.3 Prinsipp for eigarstyring

Når kommunen har valt å etablere teneste i eigne selskap (AS eller IKS), så har kommunestyret valt å flytte styringa til ei eiga juridisk eining. Verksemda vil då bli styrt av den øvste styresmakta til selskapet (generalforsamling for AS og representantskapet i IKS), som vel styret til oppfølging av dagleg drift og dagleg leiar.

Kommunestyret utnemner normalt den som representerer kommunen i det styrande organet for selskapet. Eigarorganet i selskapet skal sjå til at det er vedteke eigarstrategi for selskapet.

Representanten til kommunen i det øvste eigarorganet for verksemda skal vurdere sakslista til møta i eigarorganet. I den grad representanten er usikker på stemmegiving skal saka takast opp med ordførar eller kommunedirektør, som vurderer om det prinsipielle spørsmål i saka bør takast opp i formannskapet eller kommunestyret for politisk avklaring.

Kommunen skal gjennom eigarskapen sin m.a. sjå til at verksemdene har:

- ein openheitskultur
- gode resultatmål
- funksjonell internkontroll
- høgt etisk og moralsk nivå i verksemda.

4. Oversikt over kommunalt eigarskap i Øystre Slidre

Aksjeselskap	Eigardel	Innskoten kapital
Valdres Energi AS (921 389 256)	33,33%	10 000 000
Innlandet Energi Holding AS (922 320 918)	3,25%	27 169 000
Kommunekraft AS (866 818 452)	0,31%	1 000
Beitostølen Fellesgode AS (928 575 934)	50,00%	300 000
Øystre Slidre Idrettsarrangement AS (990 575 622)	16,66%	20 000
Valdres Folkemuseum AS (989 932 357)	17,03%	46 000
Valdres Skiferbrud AS (930 986 178)	98,00%	400 000
Valdreslab AS (986 387 250)	15,92%	40 000
Valdres Næringshage AS (984 023 049)	0,66%	21 000
AS Valdresbanen (960 945 069)	0,43%	2 000
Andre eigarformer med avgrensa ansvar		
Kapitalinnskott KLP		11 758 000
Vindin Vassverk SA (970 208 437)	8,10%	293 000
Beitostølen Utvikling SA (991 073 973)	11,40%	80 000
Norges Nasjonalparkkommunar (914 889 375)		23 000
Valdres opplæringskontor SA (991 988 505)		5 000
Norsk Vann BA (986 273 026)		1 000
Biblioteksentralen SA (910 568 183)		1 000
Døradalen Sameie		13 000

Interkommunale selskap (IKS)	Eigarandel	Innskutt kapital
IKT Valdres IKS (995 607 409)	16,78%	333 000
Valdres Brann- og Redningstjeneste IKS (920 213 820)	25 00%	0
Innlandet Revisjon IKS (987 769 386)	1,49%	36 000
Valdres Lokalmedisinske Senter - Eiendom IKS (998 436 826)	12,69%	1 522 000

4.1 Aksjeselskap og andre eigarformer med avgrensa ansvar

4.1.1 Valdres Energi AS

Org.nr	921 389 256
Forretningsadresse	Spikarmoen 16, 2900 Fagernes
Kontaktperson	Adm.dir. jf. www.brreg.no , p.t. Bjørg Brestad
Stifta	30.08.2018, men vidareføring av tidlegare etablert selskap
Aksjekapital	Kr 22 800 000
Selskapets hovudføremål	Skal gjennom investeringar i dotterselskap bygge ut, drive og vedlikehalde nett på eit forretningsmessig og samfunnmessig grunnlag. Selje kraft i og utanfor eige nettområde. På forretningsmessig grunnlag og med forankring i generalforsamling utvikle seg innan andre relevante fagområde. Sikre optimal avkasting og lågast mogleg kostnader over tid til det beste for kundane, tilsette og eigarane.
Eigarskapet:	
Formål med eigarskap	Næringsutvikling og finansielt eigarskap
Eigardel	33,33%
Innskoten eigardel	Kr 10 000 000
Ansvarleg lån	Kr 20 000 000
Forventning	<ol style="list-style-type: none"> 1) Nettutbygging til sluttbruker ivaretar kommunen sine interesser for sikker straumleveranse til sluttbruker til rett pris. 2) Godt utbytte til kommunen av innskoten kapital.

Dotterselskap	Griug AS (100%), Valdres Energi Fiber AS (100%), Valdres Energi Entreprenør AS (100%), Valdres Energi Vekst AS (100%), Kvitvella Electrisitetsverk AS (59,28%), Fossbråten Kraftverk AS (54,97%).
Selskapsstrategi	Vedtatt 2020
Selskapsavtale	Ny konsernstruktur vedtatt 2018
Skille monopol og konkurranseutsett næring	Selskapet har begge områda, og har skilt dette ut i egne selskap. Selskapet må likevel ha god dokumentasjon på rett kostnadsfordeling mellom selskapa.

4.1.2 Innlandet Energi Holding AS

Org.nr	922 320 918
Forretningsadresse	Industrigata 45, 2619 Lillehammer
Kontaktperson	Dagleg leiar Oddleiv Sæle
Stifta	14.02.2019
Aksjekapital	Kr 349 792 580
Selskapets hovudformål	Ivareta eigarskapet til 27 kommunar og Innlandet fylkeskommune i energiselskapet Eidsiva Energi.
Eigarskapet:	
Formål med eigarskapet	Finansielt eigarskap, med større krav til utbytte.
Eigardel	3,21%
Innskoten eigardel	Kr 27 169 000
Ansvarleg lån	0
Forventning	Utbytte på aksjekapital
Dotterselskap	(Egr 49,4% av Eidsiva Energi AS)
Selskapsstrategi	Ikkje avklart
Selskapsavtale	Ikkje avklart

4.1.3 Kommunekraft AS

Org.nr	866 818 452
Forretningsadresse	Akersgate 30, 0158 Oslo
Kontaktperson	Caroline Lund
Stifta	28.04.1993
Aksjekapital	Kr 320 000
Selskapets hovudformål	Formidle kraft på vegne av aksjonærkommunane, m.a. konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.
Eigarskapet:	
Formål med eigarskap	Finansielt knytt til forvaltning av rettar og konsesjonskraft
Eigardel	0,31%
Bokført Eigardel	Kr 1 000
Forventning	Sikre tilgang på kraftforvaltningskompetanse frå Landssammenslutningen for kraftkommuner
Dotterselskap	
Selskapsstrategi	Ikkje avklart
Selskapsavtale	Ikkje avklart

Skille monopol og konkurranseutsett næring	Ikkje aktuelt
--	---------------

4.1.4 Beitostølen Fellesgoder AS

Org.nr	928 575 934
Forretningsadresse	c/o Hegge Rekneskap AS, Bygdinvegen 2139, 2940 Heggenes
Kontaktperson	Styreleiar Bjarne Budal
Stifta	13.12.2021
Aksjekapital	Kr 600 000
Selskapets hovudføremål	Sikre finansiering av utvikling, drift og tilrettelegging for bruk av fellesgode på Beitostølen. Ideelt.
Eigarskapet:	
Formål med eigarskap	Næringsutvikling
Eigardel	50%
Innskoten eigardel	Kr 300 000
Ansvar lån	Kr 0
Forventning	Gode fellestenester på Beitostølen for gjester, deltidsinnbyggjarar og innbyggjarar.
Dotterselskap	Nei
Selskapsstrategi	Ikkje avklart. Aksjonæravtale.
Selskapsavtale	Vedtekter frå 2021

4.1.5 Øystre Slidre Idrettsarrangement AS

Org.nr	990 575 622
Forretningsadresse	Idrettens Hus Stadionvegen 2, 2953 Beitostølen
Kontaktperson	Einar Hegge
Stifta	30.08.2006
Aksjekapital	Kr 120 000
Selskapet sitt hovudføremål	Vidareutvikle og drive internasjonale og store regionale og lokale idrettsarrangement etter idretten sine etiske regler.
Eigarskapet:	
Formål med eigarskap	Næringsutvikling
Eigardel	16,66%
Innskoten eigardel	Kr 20 000
Ansvar lån	Kr 0
Forventning	Oppnå formålet, og dermed økt aktivitet i kommunen
Dotterselskap	Nei
Selskapsstrategi	Ikkje avklart.
Selskapsavtale	Vedtekter oppdatert 04.08.2020

4.1.6 Valdres Folkemuseum AS

Org.nr	989 932 357
Forretningsadresse	Tyinvegen 27, 2900 Fagernes
Kontaktperson	Dagleg leder Ole Aastad Bråten
Stifta	19.06.2006
Aksjekapital	Kr 250 000
Selskapets hovudføremål	Drift av historiske stader og bygningar. Eige og drive bygningsmessig anlegg og samlingar som er på Valdres Folkemuseum sitt område, eller i museet sitt eige på anna måte. Kulturhistorisk bevaring og formidling, og drive forskning spesielt i tilknytning til den lokale kulturarven.
Eigarskapet:	
Formål med eigarskap	Næringsutvikling
Eigardel	17,03%
Innskoten eigardel	Kr 46 000
Ansvarleg lån	0
Forventning	Museumsdrift og samlingsforvaltning for kommunen
Dotterselskap	Valdresmusea AS 80%
Selskapsstrategi	Ikkje avklart
Selskapsavtale	Vedtakter av 27.9.2019

4.1.7 Valdres Skiferbrot AS

Org.nr	930 986 178
Forretningsadresse	Nedre Høvshaugen 15, 2943 Rogne
Kontaktperson	Styreleiar Svein Høgsnes
Stifta	28.12.1889 (registrert 09.01.1990)
Aksjekapital	Kr 170 000
Selskapet sitt hovudføremål	Å eige og leige ut skiferrettar og å ta vare på den gamle kulturen rundt skiferdrifta.
Eigarskapet:	
Formål med eigarskap	Næringsutvikling
Eigardel	98%
Innskoten eigardel	Kr 400 000
Ansvar lån	0
Forventning	Sikre formålet
Dotterselskap	Nei
Selskapsstrategi	Ikkje avklart
Selskapsavtale	Vedtektene

4.1.8 Valdreslab AS

Org.nr	986 387 250
Forretningsadresse	Skrautvålsvegen 77, 2900 Fagernes
Kontaktperson	Dagleg leder Tea Majstorovic

Stifta	03.12.2003
Aksjekapital	Kr 1 005 000
Selskapets hovudføremål	Laboratorieverksemd og alt som står i samband med dette. Selskapet skal også yte rettleiings- og konsulenttenester.
Eigarskapet:	
Formål med eigarskap	Næringsutvikling
Eigardel	15,92%
Innskoten eigardel	Kr 40 000
Ansvar lån	0
Forventning	1. Sikre formålet 2. Utbytte av kapitalen
Dotterselskap	Nei
Selskapsstrategi	Ikkje avklart
Selskapsavtale	Vedtekter sist endra 05.09.2012

4.1.9 Valdres Næringshage AS

Org.nr	984 023 049
Forretningsadresse	Skrautvålsvegen 77, 2900 Fagernes
Kontaktperson	Dagleg leiar Tone Nikoline Rolfstad Ranheim
Stifta	10.09.2021
Aksjekapital	Kr 1 220 000
Selskapets hovudføremål	Vere utviklar for og koordinator av ei samlokalisering av kunnskapsbasert verksemder i Valdres. Dette skal skje i tilknytning til en eigedom kor selskapet skal vere leigetakar. Selskapet skal innafor ramma av bedriftsøkonomiske prinsipp, bidra til at lokalt næringsliv får tilstrekkeleg tilgang til kompetanse gjennom oppbygging av eit større fagmiljø som består av fleire små verksemder. Selskapet kan ved aksjeinnkot eller på anna måte engasjere seg i de verksemder som er lokalisert i næringshagen sine leigde lokale, men skal elles ikkje delta i investeringar.
Eigarskapet:	
Formål med eigarskap	Næringsutvikling
Eigardel	0,66 %
Innskoten eigardel	Kr 21 000
Ansvar lån	0
Forventning	Utvikling av næring i Valdres.
Dotterselskap	
Selskapsstrategi	Ikkje avklart
Selskapsavtale	Vedtekter sist endra 22.06.2015

4.1.10 AS Valdresbanen

Org.nr	960 945 069
Forretningsadresse	Dokka Stasjon, 2870 Dokka
Kontaktperson	Adm.dir. Torgrim Kristoffersen
Stifta	19.04.1991
Aksjekapital	Kr 468 100

Selskapet sitt hovudføremål	Turist- og charterdrift og anna jernbanerelatert verksemd på Valdresbanen. Arbeide for å halde banen ved like.
Eigarskapet:	
Formål med eigarskap	Næringsutvikling
Eigardel	0,43 %
Innskoten eigardel	Kr 2 000
Ansvarleg lån	0
Forventning	
Dotterselskap	Nei
Selskapsstrategi	Ikkje avklart
Selskapsavtale	Vedtecter sist endra 25.04.2006

4.1.11 KLP (Kommunal landspensjonskasse gjensidig forsikringselskap)

Org.nr	938 708 606
Forretningsadresse	Dronning Eufemias gate 10, 0191 Oslo
Kontaktperson	Egen i Oppland
Stifta	01.01.1949
Aksjekapital	Ikkje aksjeselskap
Selskapets hovudføremål	Selskapet skal ivareta medlemmane sine behov for tenestepensjonsordning. Selskapet kan også tilby andre pensjons- og forsikringsprodukt, og kan delta i eller drive verksemd som naturleg heng saman med forsikringsverksemd.
Eigarskapet:	
Formål med eigarskap	Finansiell føremål og sikre tenesteproduksjonen i kommunen
Eigardel	Ikkje interessant
Innskoten eigardel	Aukar med auka krav til eigenkapitalinnskot, jf. note til kommunen sitt årsregnskap, pr 31.12.2022 bokført på kr 11 758 473.
Ansvar lån	Nei
Forventning	Sikre tilsette pensjons- og forsikringsordningar i samsvar med tariffavtalen.
Dotterselskap	Ikkje aktuelt
Selskapsstrategi	Ikkje avklart
Selskapsavtale	Ikkje avklart

4.1.12 Vindin Vassverk SA

Org.nr	970 208 437
Forretningsadresse	Postboks 10, 2939 Heggnes
Kontaktperson	Dagleg leiar Helge Berger Meisdalshagen
Stifta	01.01.1970
Selskapet sitt hovudføremål	Drive Vindin Vassverk. Skaffe vatn til bustader, fritidsbustader, gardsbruk, jordvatning, teknisk bruk, skuler og andre offentlege bygningar, forretningar, turiststader og anna verksemd innafor det naturlege forsyningsområdet for vassverket. Vindin Vassverk SA skal drivast etter sjølvkostprinsippet.
Eigarskapet:	
Formål med eigarskap	Tenesteproduksjon
Eigardel	ca. 8,1%
Innskoten eigardel	Kr 293 000
Ansvarleg lån	0
Forventning	Tilgang vatn i delar av kommunen.
Dotterselskap	Nei
Selskapsstrategi	Ikkje avklart
Selskapsavtale	Ikkje avklart

4.1.13 Beitostølen Utvikling SA

Org.nr	991 073 973
Forretningsadresse	Postboks 53, 2953 Beitostølen
Kontaktperson	Kontaktperson Christian Nicolay Flaaten
Stifta	27.06.2006 (K-styresak i 2005).
Selskapets hovudføremål	Å satse på produktutvikling og kvalitetsheving og vera eit fellesorgan for næringslivet på Beitostølen.
Eigarskapet:	
Formål med eigarskap	Næringsutvikling
Eigardel	ca. 11,4%
Innskoten eigardel	Kr 80 000
Ansvarleg lån	0
Forventning	
Dotterselskap	Nei, men eig 30% i Beitostølen Fellesgoder AS og 29,54% i Visit Valdres AS
Selskapsstrategi	Ikkje avklart.
Selskapsavtale	Vedtakter oppdatert 11.01.2022

4.1.14 Norges Nasjonalparkkommunar

Org.nr	914 889 375
Forretningsadresse	Brubakken 2, 2686 Lom
Kontaktperson	Dagleg leiar Bjørn Åge Jenssen
Stifta	23.01.2015
Selskapet sitt hovudføremål	Ein foreining for oppgåver for kommunar som følger av statusen som Nasjonalparkkommune og Nasjonalparklandsby.
Eigarskapet:	
Formål med eigarskap	Næringsutvikling
Eigardel	Ikkje kartlagt
Innskoten eigardel	Kr 23 000
Ansvarleg lån	0
Forventning	Oppnå formålet
Dotterselskap	Nei
Selskapsstrategi	Uavklart
Selskapsavtale	Ikkje avklart

4.1.15 Valdres opplæringskontor SA

Org.nr	991 988 505
Forretningsadresse	Valdresvegen 13, 2900 Fagernes
Kontaktperson	Se www.brreg.no
Stifta	24.10.2007
Selskapet sitt hovudføremål	Opplæring i alle relevante fag hos medlemsbedriftene. Utvikle fagleg dyktig arbeidskraft, skape forståing og ansvar i forhold til yrke og samfunn, og gjennom det auke verksemda si konkurransevne og lønsemd. I samsvar med gjeldande lover og forskrifter skal opplæringskontoret etablere læreplassar i medlemsbedrifter.

Eigarskapet:	
Formål med eigarskap	Næringsutvikling
Eigardel	Ikkje kartlagt
Innskoten eigardel	Kr 5 000
Ansvarleg lån	0
Forventning	Bidra til å sikre grunnlaget for formålet
Dotterselskap	Uavklart
Selskapsstrategi	Uavklart
Selskapsavtale	Uavklart

4.1.16 Norsk Vann BA

Org.nr	986 273 026
Forretningsadresse	Vangsvegen 143, 2321 Hamar
Kontaktperson	Se www.brreg.no
Stifta	17.09.2003
Aksjekapital	Ikkje aksjeselskap
Selskapet sitt hovudføremål	Organisere samarbeid mellom norske VA-verk i tekniske, økonomiske og administrative spørsmål og å ivareta felles interesser i vassforsynings- og avløpssektoren. Selskapet skal vidare arbeide for samarbeid og utvikling av VA-faget i Norge. Selskapet skal også kunne gje rådgjeving.
Eigarskapet:	
Formål med eigarskap	Tenesteproduksjon
Eigardel	Ikkje kartlagt
Innskoten eigardel	Kr 1 000
Ansvarleg lån	0
Forventning	Bidra til å sikre grunnlaget for formålet
Dotterselskap	Uavklart
Selskapsstrategi	Uavklart
Selskapsavtale	Vedtekter oppdatert 25.01.2023

4.1.17 Biblioteksentralen SA

Org.nr	910 568 183
Forretningsadresse	Alf Bjerckes vei 20, 0582 Oslo
Kontaktperson	Se www.brreg.no
Stifta	04.02.1952
Aksjekapital	Ikkje aksjeselskap
Selskapets hovudføremål	Vere eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vere hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar. Biblioteksentralen skal drive etter vanlege bedriftsøkonomiske prinsipp.
Eigarskapet:	
Formål med eigarskap	Tenesteproduksjon
Eigardel	Ikkje kartlagt

Innskoten eigardel	Kr 1 000
Ansvarleg lån	0
Forventning	Bidra til å sikre grunnlaget for formålet
Dotterselskap	Uavklart
Selskapsstrategi	Uavklart
Selskapsavtale	Uavklart

4.1.18 Døradalen Sameie

Org.nr	Ikkje registrert
Forretningsadresse	
Kontaktperson	Terje Rogne, Bygdinvegen 2405, 2940 Heggenes
Stifta	
Selskapets hovudføremål	
Eigarskapet:	
Formål med eigarskap	Praktisk samarbeid, effektivisering av tenesteproduksjon
Eigardel	20%
Innskoten eigardel	Ca kr 13 269
Ansvarleg lån	0
Forventning	Samarbeid om reinbeite, fuglejakt og liknande.
Dotterselskap	Nei
Selskapsstrategi	Uavklart
Selskapsavtale	Vedtekter frå 1985

4.2 Interkommunale selskap (IKS)

Dette er selskap som er etablert for å effektivisere kommunal tenesteproduksjon, der kommunestyre har vald å organisere verksemda som IKS. Vi går ikkje videre inn på det einskilde selskapet.

Interkommunale selskap (IKS)	Eigardel	Innskoten kapital
Valdres kommunale renovasjon IKS	15,50%	531 158
IKT Valdres IKS	16,78%	333 333
Valdres brann- og redningstjeneste IKS	25,00%	0
Innlandet Revisjon IKS	1,49%	35 500
Valdres Lokalmedisinske Senter - Eiendom IKS (VLMS Eiendom IKS)	12,69%	1 522 388